



Nr 1 - 2023

Møta nye venner - Søkja Gud - Få del i oppdraget

møte:plassen



Utflytta
Undheimsbu
side 6 - 7

Siv Elise
og Woodling
side 8 - 9

Trus-
opplæring
side 12 - 13

Karneval
Open kjellar
side 18 - 19

Min song

No nærmar det seg påske. Me skal feire at Jesus har vunne over døden. Han er oppstoda og livet. Me får setja vår lit til Han. Ein salme eg er glad i er Deg være ære. Eg har gode minne av å synge denne salmen på gudstenester frå eg var lita. Eg tykkjer det er så godt å høyre påskebodskapen kome så godt fram i denne teksten, og synest det er ein kraftfull salme som forkynner eit sterkt håp. Sanninga om at Jesus har vunne over døden, og at eg òg får ta del i sigeren.

Salmen tar for seg fleire stødige løfte som er gode å minna seg sjølv på: Evig skal døden være Kristus underlagt, trygg er troa si grunn, evig er Han med og evig skal Han regjera. I møte med livets høgder og brotsjøar er det godt å vita at eg ikkje er åleine, men at eg får leva livet i Kristus.

Kanskje du òg vil grunna nærare på påskens budskap ved å syngje denne salmen no i påsketida?

Med ynskje om ei signa påsketid.

Ellinor Good

*Deg være ære,
Herre over dødens makt.*

*Evig skal døden være
Kristus underlagt.*

*Lyset fyller haven,
se en engel kom,
åpnet den stengte graven,
Jesu grav er tom.*

Refreng

*Deg være ære,
Herre over dødens makt.*

*Evig skal døden være
Kristus underlagt.*

*Se Herren lever.
Salige morgenstund.
Mørkets makter bever.*

*Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger:
Frelseren er her.
Pris han alle tunger,
Kristus Herre er.*

*Frykt ikke mere.
Evig er han med.
Troens øye ser det:
Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære,
seier er hans vei,
evig skal han regjere,
aldri frykter jeg.*

møte:plassen

1 - 2023

18. årgang

UTGJEVAR:

Undheim sokneråd

REDAKTØR:

Steinar Sandvik

tlf. 400 07 909

LAYOUT:

Hanne Brit Sandsmark

REDAKSJONEN:

Steinar Sandvik

Laila Undheim

Hanne Nordbrønd

Siv H. Undheim

Hanne Brit Sandsmark

ADRESSE:

Møteplassen

Time kyrkjekontor

Pb 373, 4349 Bryne

E-POST:

nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:

www.timekyrkja.no

www.undheimkyrkja.no

TRYKK:

Jærprint, Bryne

OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD

KONTONR. 3290.57.20723

GIVARKONTO: 3325.21.55657

Framsidedfoto: Olivia Høiland

Illustrasjonsfoto: Pixabay.com og

iStock Photo

Tankar i tida

For ei tid tilbake såg eg eit tv-program der ein mann trudde hans siste time var komen. Då gjekk tankane hans til familien, og han hadde eit brennande ønske om å vidareformidle kor høgt han elska dei. Det fekk meg til å tenkje på dei siste orda Jesus sa då han hang på korset. Jesus hadde blitt piska og håna, sviken og spytta på. Han hadde blitt uskuldig dømd, og straffa han fekk var døden. Kva var det siste han ønska å formidle?

I Joh.19:30 kan vi lese det siste Jesus sa før han døydde: «Det er fullbrakt!» Ordet fullbrakt er ikkje akkurat eit ord vi nyttar i daglegtalet, men om ein ser nærare på kva fullbrakt betyr, finn ein ord som gjennomført, fullkomme og avslutta. Jesus hadde altså fullført det han var sendt for å gjere. I Joh. 3:17 les vi:

«For Gud sende ikkje Son sin til verda for å dømme verda, men for at verda skulle bli frelst ved han».

Jesus tok straffa på seg og ga seg sjølv for oss slik at vi kan få evig liv og fellesskap med Han.

Etter at tankane mine byrja å spinne rundt dette, fann eg ut at eg måtte undersøkje kva som står i den opprinnelege bibelteksten. Det er det greske ordet «tetelestai» som har blitt oversett til «det er fullbrakt» på norsk. Det kjem frå verbet «teleo» som tyder å avslutte, fullføre, oppnå. Eg tykkjer det er interessant at ordet som er nytta i originalteksten er bøygdt i ein kasus vi ikkje har i det norske språket. Nemleg at det som er fullført har eit resultat med verknader som fortset inn i framtida. Altså: Guds frelsesplan var ferdig i fortida, det er fortsatt ferdig og det vil alltid vere ferdig. Alle har Jesus gjort opp for – med ein kjærleik vi ikkje klarar å fatte djupna av. Det er ingenting som kan eller trengs å leggjast til. Eg trur det er nettopp dette Jesus ville formidle då han sa «det er fullbrakt!»

Eg håpar at desse tankane kan vere til oppmuntring når vi no går inn i påskehøgtida. Vi kan alle trenge ei påminning om at vi ikkje treng å streve for å vere eller bli ein kristen. Vi er frelst av nåde og ikkje av gjerningar, og vi var alle medrekna då Jesus sa: Det er fullbrakt! Det einaste vi treng å ta stilling til er om vi trur på det Jesus gjorde for oss. Med desse tankane vil eg ønskje alle ei riktig god påske!

Linn Cecilie Høiland

Karneval i Søndagsskolen



Det var karneval på søndagsskolen 5. feb. Både unger og voksne koste seg. Tove Hersdal hadde andakt, det var bro brille med drakamp, pinjata med mye snop, lek med ballonger og popcorn.

*Tekst og foto:
Hanne Nordbrønd*



Stor hjelp til jordskjelv-offer

Jordskjelvet i Tyrkia og Syra er ei ufatteleg stor krise for mange. Over 50.000 har mista livet, og enno er mange sakna. 45.000 barn, unge og familiar som er ramma av jordskjelvet, har kome til Alanya der vi held til og arbeider for Sjømannskyrkja.

Sjømannskyrkja er med for fullt i arbeidet for å hjelpe dei som har kome til Alanya. Til no har Sjømannskyrkja bidrege med godt over 2100 matkassar takka vere alle som raust har gitt pengar til arbeidet. I tillegg kjem mange nordmenn innom i kyrkja for å gi varme klede, teppe, dyner, barnevogner, rullestolar og anna utstyr som er nødvendig. Vi har heller ikkje gløymt barna og dei unge som har kome. Dei har gradvis kome inn i skulane. Mange nordmenn har sett i gang med å strikke varme sokkar, mellom anna basargruppa i kyrkja.

Mange av dei ramma vil heim så snart som mogeleg. Der er det enno vinter og difor er det stort behov for varme klede. Men dei kjem heim til hus som er helt knuste. I mange kuldegrader må heile familiar bu i kalde telt.

Den rause gáva frå gudstenesta i Undheim kyrkje 19. februar har vore til stor hjelp for mange. Ein varm takk frå Sjømannskyrkja i Alanya.

Tordis og Steinar Sandvik saman med ei rekkje frivillige lastar bilar med matkassar til dei jordskjelvramma.



(Foto: Paal H. Retz)

Tordis og eg fekk vere med på å laste matkassar over i bilar som køyrde kassane til mellombels lager før dei vart sende austover til dei som framleis er i jordskjelvområda. Det var ei minnerik oppleving å stå side om side med andre frivillige i dette viktige arbeidet.

Sjømannskyrkja står framleis på for å hjelpe offera frå jordskjelvet. Dersom du vil støtte hjelpearbeidet, kan du vippe på 64800.

Helsing
Tordis og Steinar Sandvik



Ein stor idrettshall i Alanya er mottak for store mengder med hjelpesendingar. I byen er det fem andre hallar som også tek imot hjelpesendingar. Arbeidet vert organisert av kommunen. Her er ein av dei kommunetilsette som sorterar og pakkar gåver som har kome inn. (Foto: Steinar Sandvik)

Har eit godt liv på Sørlandet

Bjørn Undheim (66) og familien hadde bygd hus og busett seg på Undheim, men dei vart ikkje verande.

Tekst Steinar Sandvik

I 1988 vart det nye huset selt, garden delt mellom naboar. Familien var på flytteveg til Grimstad. Der hadde Bjørn teke utdanning, og det var her han møtte Anne som vart kona hans. Her slo dei seg ned, og her bur dei framleis, ikkje i det første huset, og heller ikkje ikkje det andre. No har pensjonistparet slått seg ned sentralt i Grimstad – i leilegheit. Her har jærbuen funne seg godt til rette.

Anne og Bjørn har fire barn og seks barnebarn. Ei dotter bur i Stavanger, dei tre endra rundt foreldra i Grimstad. – Det set vi stor pris på, seier Bjørn og legg til at vegen

til eldstedottera og familien i Stavanger er slett ikkje lang.

DRAMATISK

Bjørn legg ikkje skjul på at han hadde ein vanskeleg oppvekst på Fastabytet. Søskenflokket var på fem, ei jente og fire gutar. To av gutane døydde tidleg, Bjørn var nest yngst i flokken. Han opplevde det godt å kome vekk frå heimen, sjølv om det var mykje fint i barndommen.

– Eg hadde militærteneste ved Alta i Finnmark. Etter krigen var far med på oppbygginga av Finnmark, og han hadde lyst å sjå denne delen av landet igjen. Og så skulle han besøkje meg, men det vart ikkje noko av. Midt på gata i Alta fall han om og døydde, fortel Bjørn.

UTDANNING

Etter militærtenesta gjekk Bjørn i rørleggarlære hos Reime og Co på Nærbø. Nokre år seinare, frå 1980-1982 tok han teknisk fagskule i Grimstad og utdanna seg innan VVS teknikk. Deretter vart det flytting til Leikanger i Sogn der han arbeidde innan energiøkonomisering i Fylkeskommunen. Etter eit par år var han både gift og hadde fått ei dotter, før det var tur heimover til Jæren.

AKTIVT LIV

– Vi bygde nytt hus med torvtak, og meininga var at eg skulle ta over garden. Eg engasjerte meg på ulike felt. Noko av det gildaste var å vere med å få til ein barnehage i bygda. Særleg gildt det då politikarane stemde imot rådmannen som ikkje ville ha barnehage på Undheim, humrar Bjørn og legg til at han var med på dugnad i samfunnshuset og var med på fotballen. Ikkje alle likte det.


– Mor og far var ikkje særleg aktive på kapellet, men eg fann ein plass der, og gode venner. Eg var med i Ungdomsforeininga som formann og medleiar i Yngres. Eg var også med i bibelgrupper, fortel Bjørn som i dag seier det var eit under han har bevart trua.

FLYTTE SØROVER

– Eg hadde det travelt med både arbeid, garden og andre oppgåver. Det vart rett og slett for travelt. Anne lengta heim til Sørlandet, og vi valde å bryte opp, seier Bjørn.

Då familien flytta til Grimstad, fekk Bjørn arbeid i eit lite firma som VVS-ingeniør. Men byggebransjen sleit, og snart var det ikkje jobb igjen.

*Bjørn Undheim hadde planar om å ta over garden på Undheim. Men han gjorde sørlending av seg.
(Foto: Anne Undheim)*





*Dette var gåve frå Grimstad kirkelige fellesråd då Bjørn Undheim runda 60 år.
(Hermund Storesæter teikna Bjørn-en)*

Bjørn sitt neste steg vart kyrkjeverje i Grimstad som då var ei kommunal stilling.

– Men då den nye kyrkjelova vart vedteken i 1997 vert eg kyrkjeleg tilsett med ansvar for både tilsette, økonomi og drift og vedlikehald, seier Bjørn som for 1,5 år sidan slutta han med avtalefesta pensjon (AFP).

TRUA ER VIKTIG

– Eg trivst godt, seier Bjørn og legg til at han driv med ulike syslar. I eitt og eitt halvtanna år har eg kokt suppe for det vi kallar Hyggetreff ein gong i månaden.

– Og sidan eg tok ut AFP har eg spelt golf. Her er det eit einessåande miljø. Kvar måndag spelar vi golf, og eg har blitt kjend med mange gilde folk.

Bjørn fortel at trua er svært viktig i livet.

– Eg er ikkje så heseblesande, men undrar og tviler,

og då opplever eg at trua vert sterkare. Eg trur vi treng noko utanfor oss sjølve, for meg er ei tru viktig.

GOD FORM

I ungdommen var Bjørn aktiv i fotballen på Undheim. Det har det blitt mindre av på Sørlandet, men han fortel at han kjenner seg i god form.

For omlag fem år sidan fekk Bjørn hjerneblødning.

– Eg har få plager etter sjukdommen. Men eg ser kor viktig det er å halde seg i god form. Den fysiske forma er god, og eg sykklar mykje. Mellom anna har eg no meldt meg på sykkelløpet frå Kristiansand til Hovden. Dessutan tek eg gjerne gåturar saman med barnebarna, noko eg set stor pris på, fortel Bjørn.



EIGEN PRODUKSJON PÅ HEIMEGARDEN

Tekst og foto: Steinar Sandvik

Siv Elise Seland hadde ein draum om eige utsal på Sæland. No har draumen blitt ein realitet med open butikk seks dagar i veka.

– Butikk er svært viktig for oss, og det viser tilstrøyminga av kundar på dei to opningsdagane i månaden vi har hatt ei tid, seier Siv Elise Seland.

– På kvar av desse dagane er det ofte innom nærare 250 kundar.

– No har vi endeleg fått løyve til å utvide opningstidene. Eg er enormt letta, seier Siv Elise. – No kan vi realisere det vi heile tida har drøymt om. Men det har teke ei god tid for å få løyvet på plass.

– Her har vi både produksjonslokale og utsal som er godkjende av styresmaktene. Å møte kundane i eigne lokale har stor betydning. Vi har sjølvsagt andre kanalar for sal som til dømes nettbutikk.

Mykje av varene sender vi til kundane, men dei kan også hente varene sine her på Sæland.

FORSTÅR IKKJE

Politikarane i Time sa til slutt ja til opning seks dagar i veka.

Men Statsforvaltaren sa nei i første omgang. Dei meinte at butikkutsal ope seks dagar i veka, ville vere til hinder for landbruket i området.

– Det kunne eg ikkje forstå, seier Siv Elise. – Landbruksdrifta på garden vår var lagt ned i 2006. I mange år stod bygningane tomme. No er dei bygde om til utsal og produksjonslokale. Det er lenge sidan vi klaga på vedtaket hos Statsforvaltaren. Først no fekk vi svar.

– No set vi i gang og kan utvikle bedrifta vår slik vi heile tida har ønska det. I første omgang vert det open butikk kvar vekedag frå måndag til fredag frå klokka 11 til 16. Laurdagane vert det framleis ope frå 10 til 14.

STORE INVESTERINGAR

Siv Elise og mora Olaug Vesterheim Seland som er utdanna skreddar, oppretta i 2006 selskapet liS, seinare vart det liS Woodling, men no er merkevara åleine Woodling. Dei første åra vart alle produkt produsert i Portugal, Kina og India. Men no har fabrikk på Sæland investert i fire avanserte japanske maskinar. Det betyr at ein større del av produksjonen skjer i Norge.

– Enno er det berre ein liten del av produksjonen som skjer på Sæland. Men målsetjinga vår er at det i løpet av tre-fire år kan kome opp i 20% av produksjonen, seier Siv Elise. Ho legg til at dei nye maskinane kan strikke heile klesplagg. Det einaste handarbeidet er å klippe vekk dei lause trådane på plagga.

Takka vere Harald Mjølne som eig 40 prosent av selskapet, har det vore mogeleg å investere i dei japanske strikkemaskinane. Mjølne er dagleg leiar og største eigar i Sandnes Garn.

HEILE FAMILIEN

– At vi tek heim deler av produksjonen blir møtt med stor entusiasme, seier Siv Elise. – Dette har også ført til litt auke i talet på tilsette. No har vi sju tilsette i full stilling og ein tilsett i deltidstilling. Omsetnaden i selskapet har variert opp gjennom åra.

Siv Elise fortel at ho har 3,5 års utdanning som klesdesignar, med utdanning frå både Danmark og Italia.

– Mor og eg har arbeidd tett saman sidan vi starta opp, både i det praktiske arbeidet og på eigarsida der vi kvar hadde eigardel på 50 prosent. Eg hadde mykje av design, det kreative, image og sosiale media mor har hatt meir ansvar for det merkantile, seier Siv Elise og legg til at far Ole Seland også er aktiv i selskapet.

– Far er lagersjef. Mellom anna er han ansvarleg for all postdistribusjon seier Siv Elise. – Under ombygginga av driftsbygninga til fabrikkutsalg og klesfabrikk var han byggeleiar.



Nytt frå soknerådet og dagleg leiar

SOKNERÅDSVALET

I 2023 skal det vera val av nytt sokneråd og bispedømmeråd.

Det er viktig for kyrkja vår å få eit sokneråd med folk som har eit hjarte for kyrkja sitt arbeid på Undheim! Det er framleis rom for fleire kandidatar. Ta kontakt med soknerådet om du kan tenka deg å vera med i dette arbeidet! Nominasjonskomitéen arbeider for tida med å laga eit listeforslag med kandidatar.

Frå og med april til 15. mai kl. 12.00 kan ein komma med supplerande nominasjon.

Viss du har ein kandidat du vil nominera til valet, må du få til saman fem underskrifter frå medlemmer i kyrkja som har stemmerett. På arket med nominasjonen og underskriftene, må det stå namn og fødselsdato til kandidaten, og alle som har skrive under på forslaget må oppgi namn, fødselsdato og adresse.

NY MEDARBEIDAR TILSETT

Oda Vik Straume er tilsett som ungdomsleiar i Time kyrkjelege fellelsråd. Ho skal arbeida mest i Brynesokn, noko i Time sokn og 15% stilling inn i

ungdomsarbeidet på Undheim. Me er veldig glade for at ho er på plass!

SKATTEFRIE GÅVER

Grensa for kor stort beløp ein kan trekka frå skattbar inntekt er senka frå 50 000 til 25 000. Denne

endringa skjedde i 2022. Viss ein skal få skattefritak for gåver ein gjer, må ein registrera personnummeret sitt, og betala via bankkonto. Det stod feil i takkebrevet som blei sendt ut i januar, sidan kyrkja sentralt ikkje hadde oppdatert dette.

G2 GLØD

Hausten 2022 hadde me to samlingar som vart kalla GLØD G2. Per Børge Hillestad var med og dreiv desse. Mange har uttrykt at dette var gode samlingar, og planen var at me skulle halda fram med dei våren 2023. Dessverre måtte Per Børge trekka seg frå prosjektet, og slik situasjonen er nå tenker soknerådet at det ikkje er nok folk til å gjennomføra fleire samlingar i vår.

ÅRSMØTE UNDHEIM SOKNERÅD

Årsmøte til Undheim sokneråd gjekk føre seg søndag 5. mars. Leiar i soknerådet, Hanne Brit Sandsmark, gjekk gjennom årsmelding og dagleg leiar Frode Skårland gjekk gjennom rekneskapen.

Desse finst på heimesida til kyrkja: www.undheimkyrkja.no/Informasjon/Undheim-sokne%C3%A5rd/Referat-og-%C3%A5rsmeldingar

Val til soknerådet føregår samstundes som kommunevalet.

Frist for innlevering av listeforslag er fredag 31.03. kl. 12.00.

E-post:

undheim.soknerad@timekyrkja.no

Ta kontakt med dagleg leiar om du treng hjelp til korleis utforming og innlevering av listeforslag skal skje. Det formelle må vera på plass.



Frå venstre: Prost Lars Sigurd Tjelle, Biskop Anne Lise Ådnøy, Rådgjevar diakoni Stavanger bispedøme Asbjørn Finnbakk, Diakon Praxedes Slettebø, Diakon Marit Høie Hetland, Leikny Åsen, Sokneprest Yngvar Nilsen. Foto: Frode Skårland

DIAKONVIGSLING

12. februar blei diakonen vår, Maria Praxedes Unlayao Slettebø, vigsla til diakon i Time kyrkje.

Praxedes hadde preika denne dagen.

Ho er diakon for både Undheim og Time sokn, og ho tek seg av sokna sitt diakonale fellesarbeid.

2023

faste aktiviteter for born og vaksne

BLI MED PÅ SUPERMIX!

Barnekor og hobbyaktivitetar.

Annankvar tysdag i kyrkja kl. 17.00 til 18.00.

For alle som er frå 4 år og oppover.

28. mars

11. april

25. april

09. mai

SØNDAGSSKULEN

I kyrkjekjellaren kl. 11:00

2. april

16. april

30. april



UKUF

Her er datoane til vårsemesteret:

29. april

13. mai

10. juni

Ta kontakt på tlf/sms med Mona 401 00 946 eller mail, mona.handeland@timekyrkja.no om du kan tenkja deg å bidra med noko.

OPEN KJELLAR

Klubb for gutar og jenter med aktivitetar, andakt, spel og kiosk. 5.- 7. klasse

Fredagar i kyrkjekjellaren
Kl 19.00 – 21.00

10. mars

14. april

12. mai

2. juni

GUTELAGET UGLA

Datoar og innhald våren 2023

21. mars Basar i kjellaren i kyrkja

11. april Tur. Meir informasjon kjem seinare.
Tilbake til skulen ca 20.15-20.30.

LAUST OG FAST

I kyrkjekjellaren
onsdagar kl. 14.00
19. april

HANDARBEIDSTREFF

Måndagar kl. 19:30
20. mars i kyrkjekjellaren
24. april i samfunnshuset
22. mai i kyrkjekjellaren
13. juni avslutning i samfunnshuset




Kyrkjevalet
2023

vil du ha eit godt råd?

Still til soknerådsval. Kyrkjevalet.no

 DEN NORSKE KYRKJA



Baby-lydar frå kyrkja igjen

Sist haust var det ingen påmelde til babysong, men no er det igjen babylydar annankvar onsdag i Undheimkyrkja.

Tekst og foto: Steinar Sandvik

– Heldigvis er vi i gang igjen, smiler ein fornøgd tru-sopplærar, Ragnhild Hanssen. – Vi hadde fire påmelde til den første samlinga 1. februar, men berre tre møtte. Den fjerde var sjuk og måtte melde pass.

Ragnhild reknar med at alle kjem neste gong. Ho legg til at det er god plass til fleire.

Sjølve samlinga med song saman med foreldre varte ein god halvtime. Denne gongen var det tre mødre: Gunn Siri Risa saman med Eleah, fødd i september i fjor, Henriette Skjæveland med sonen Jesper, fødd i november i fjor og Linn Camilla Stø Dybvik og dottera Else Dypvik-Anda, fødd oktober i fjor.

På det mjuke underlaget fekk både mødre og barn vere med på ulike songar og bønner med rørsle og litt øvingar på golvet. Mødrene fekk og saman barna tenne lys i globen.

KAFFIPAUSE

Noko heilt nytt er ei lita matøkt etter sjølve babysongen. Etter ein halvtime med aktivitet var det godt for både vaksne og barn med ein liten pause. Nokre av barna roa seg i vognene medan dei vaksne kunne nyte både maten og praten. Etter samtalen å dømme var det ei triveleg stund for alle.

– Sist haust fekk vi ikkje teste ut opplegget med ei lita matøkt, men frå Lye og Bryne har det fungert godt. Og slik såg det ut her på Undheim òg, seier Ragnhild. Ho legg til at det er god plass til fleire vaksne og barn.

– Er det nokon som vil bli med, er det berre å melde seg på. Vi prøver så godt vi kan å følgje skuleruta når det gjeld samlingane, det bety samlingar i snitt annankvar veke klokka 10.30.

FORNØGD

Henriette Skjæveland fekk vite om babysong i samband med dåpen av Jesper.

Ho er svært godt fornøgd med opplegget.

– Dette gav meirsmak, smiler ho.

Ragnhild Hanssen legg til at det er Babysong både på Bryne og på Lye.

– Babysong er for nyfødde opp til eitt-årsalderen, fortel Ragnhild. – I Time kyrkje har vi eit opplegg for barn som har passert året. Samlingane som vi kallar «Småbarnstrall», er ein gong i månaden. Dette er eit tilbod til alle frå heile Time, og då er det berre å melde seg på.

Tenner lys i lysgloben.

Frå venstre Gunn Siri Risa, Henriette Skjæveland med Jesper og Linn Camilla Stø Dybvik og Else.





Gildt på Babysong i Undheim kyrkje. Frå venstre trusopplærar Ragnhild Hanssen, Gunn Siri Risa, Henriette Skjæveland med Jesper og Linn Camilla Stø Dybvik og Else.

Trusopplæring

På sporet av Jesus

Fredag 9. juni inviterer me alle 4. klassingar til «På sporet av Jesus» i Undheim kyrkje. Her får me bli kjende med personar som møtte Jesus og finne ut meir om kven Jesus var. Og Sakkeus inviterer til tacofest. Me sender ut invitasjonar.

Småbarnstrall 1-3 år

Småbarnstrall 1-3 år
Me har starta opp med eit nytt song- og musikk-tilbod for 1-3 åringar. Då møtest me store og små i Time-kyrkja, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa eit barn i 1-3 års alderen. Det blir song, lek og moro. Me inviterer alle 1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkje i lag med oss.

Kl. 16.30-17.00
Påmelding i link eller via QR_kode:

<https://app.checkin.no/event/51958/sm%C3%A5barnstrall>

Vårens datoar:
12. april
10. mai
24. mai



Babysong 0-1 år

Alle tre kyrkjelydane våre har tilbod om babysong for barn 0-1 år. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær.

Me held fram med babysong oppe i kyrkja annakvar onsdag kl. 10-12. Etter songsamlinga serverer me ein enkel lunsj.

Datoar for resten av våren er:
12. april, 26. april, 10. mai, 24. mai

Påmelding via link eller QR-kode:
<https://app.checkin.no/event/51551/babysong>



Pinsefart

Alle som går i 2. klasse vert inviterte til 3 kjekke samlingar der tema er Kristi himmelfart og pinse. Me sender ut invitasjonar.

Datoar: 25. Mai, 1. juni, 8. Juni

Påmelding og meir informasjon:
De kan melde på via QR-kode eller via link:
<https://app.checkin.no/event/52797/pinsefart>



Treng du ein stille rasteplass, kan du finne det på Utstein Pilegrimsgard

Tekst: Steinar Sandvik



- Utstein Pilegrimsgard ønskjer å vere ein stille stad som viser veg til Kristus, seier Arvid Kaspersen. Han er diakon og dagleg leiar ved Utstein Pilegrimsgard på Mosterøy. Han legg til at travle menneske kan ha godt av eit lite avbrekk.

TRENG RO

- Her får du fred og kan kople frå alt ansvar og oppgåver. Nokre kjem her for å bruke tid til fordjuping i Guds ord og bønn. Andre kjem hit på kurs eller pilegrimsvandringar, nokre treng litt stille rundt livet. Både grupper og enkeltpersonar hentar trøyst og oppmuntring gjennom enkle liturgiske samlingar og bønn, fortel Kaspersen.

MANGE FRIVILLIGE

Arvid Kaspersen tok over som dagleg leiar ved Pilegrimsgarden i 2016. Frå starten i 2004 var Reidun Kyllingstad dagleg leiar og diakon.

- Frivillige medhjelparar er absolutt nødvendig for å drive Pilegrimsgarden. I 2022 hadde vi nærare 100 frivillige som har stått på gjennom året, seier Kaspersen som legg til at det er arrangement tre av fire helger i månaden, med omlag 12 gjester kvar helg.

- Dette året har vi starta opp med volontørteneste der frivillige bur og arbeider på Pilegrimsgarden i periodar frå tre månadar til eitt år.

SOMMAROPE

Kaspersen seier at styret arbeider med å utvide tilboda i vekedagane, både for enkeltpersonar og grupper. Fjoråret gjekk med underskot, men Kaspersen legg til at det ikkje er krise, takka vere god likviditet. Men det kan bli krevjande dersom inntektene sviktar.

Om sommaren held Pilegrimsgarden ope med kafé og overnattingstilbod. Gjennom sommaren kjem rundt 500 gjester innom, og omlag 50 overnattar. I sommartida har også Pilegrimsgarden ansvar for middagsbønn i Utstein kloster kirke. I denne perioden er det frivillige som er vertskap.

SKULEHUS

Utstein Pilegrimsgard held til det gamle skulehuset på Mosterøy. Huset er renovert med ni overnattingsrom, kjøkken, matsal, møterom, loftstove og kapell. Pilegrimsgarden vart stifta av Stavanger bispedømme, forankra i Den norske kyrkje, med ein økumenisk profil.

Arvid Kaspersen ser gjerne at kyrkjelydar og andre nyttar Pilegrimsgarden til både seminar, møte og andre samlingar i eit fredfullt og inspirerande miljø – berre ein times køyretur frå Undheim.



Gamle Mosterøy skole er bygd om til pilegrimsgard. (Privat foto)



ENGASJERER SEG PÅ UNDHEIM

Tekst: Hanne Nordbrønd - Foto: Privat

Flere har kanskje møtt Gunn Siri og Asle Risa i kyrkja eller på tur med barnevogn og hund på Undheim

Ekteparet Risa har engasjert seg i arbeid i kirken, og Møteplassen fikk komme hjem til dem for en prat om søndagsskolen og livet på Undheim.

KRISTEN OPPVEKST

Gunn Siri og Asle bor i Bjønnohlen sammen med datteren Eleah som ble født september 2022, og hunden April. Asle er oppvokst på gård på Garborg, mens Gunn Siri er oppvokst på Ganddal. De har begge en kristen oppvekst, og traff hverandre på Kristendate.

VIELSE I SKOG

- Vi giftet oss litt utenom det vanlige i 2020. Planen var at vi skulle gifte oss i Fredheim arena i Sandnes, men på grunn av pandemien valgte vi å gjøre det litt annerledes. Vielsen ble holdt på Dansesteinen i Risaskogen, full av hvitveis. På høsten 2020 ble det arrangert bryllupsfest med familie og venner hvor vielsen fra Risaskogen ble vist på film, forteller ekteparet.

GULLFISK

I barndommen var Gunn Siri med foreldrene på møter og søndagsskole på Ganddal, mens Asle var aktiv på Undheim. Asle husker godt klistremerkeboka med gullfisker han fikk på søndagsskolen. - Mor, Pia Norunn, har vært leder i søndagsskolen i 25 år, og jeg var med hver gang da jeg var liten, forteller Asle. - Da jeg ble eldre, gikk jeg på UKUF, og var med på det meste av aktiviteter i kyrkja.

BARNEARBEID

Asle er nå med som leder i UGLA som morfaren

Nils Kjell var med å starte i sin tid. Gunn Siri er med som leder i søndagsskolen, og trives godt med det.

- Jeg liker å ha andakter, være kreativ og snakke med barn om Jesus, forteller Gunn Siri. Da jeg var ettåring på Bildøy hadde jeg praksis i ImF Rogaland på Ognatun. Der fikk jeg mye erfaring med å holde andakter for både små og store. Jeg bestemte meg etter Bibelskolen at jeg ikke ville sitte på kontor, men arbeide med folk, forteller Gunn Siri.

GODT MILJØ

Siden Asle har vokst opp på Undheim kjenner han mange i bygda, men det er litt annerledes for Gunn Siri som flyttet hit under pandemien.

- Da jeg flyttet til Undheim, var alt stengt, og det tok litt tid å bli kjent med folk. Men jeg traff flere da jeg var ute på tur med hunden og kom i samtale med hundeeiere i bygda. Vi har også et godt miljø med naboene her i Bjønnohlen, sier Gunn Siri.

Hun forteller videre at det å komme i en barselgruppe etter hun fikk Eleah var en veldig god måte å bli kjent med andre på, og nå som babysang har startet igjen i kirken håper hun å bli kjent med flere.

Ekteparet går også i Bedehuskirken på Bryne hvor de har et fellesskap med smågrupper og møter.

- Men siden Eleah skal vokse opp her på Undheim synes vi det er viktig å engasjere oss i bygda. Vi liker å være med på det som skjer her for å bli kjent med folk, sier ekteparet.

Døpte i Undheimkyrkja

22. januar



Jesper Jørgensen



Else Dypvik-Anda

ÅRSMØTE UNDHEIM KYRKJE OG BEDEHUS

Sundag 5. mars 2023 blei årsmøtet for Undheim kyrkje og bedehus halde. Leier Torvald Tjåland gjekk gjennom årsmelding og kasserer Svein Fosse gjekk gjennom rekneskap for 2022. Desse finst på heimesida til kyrkja: www.undheimkyrkja.no/Informasjon/Kyrkjestyret

Val av nytt styre blei gjennomført. Det nye styre er:

Leiar: Torvald Tjåland

Nestleiar: Pål Ånund Tveiten

Kasserer: Merete Tjemsland

Sekretær: Hans Christian Høiland

Styremedlem: Hans Undheim

1. varamedlem: Atle Tjåland

2. varamedlem: Odd Ove Tunheim

Det trengst to personar til å vere med i valnemnda. Dersom nokon vil vere med i denne, ta kontakt med leiar i valnemnda Kåre Sigurd Undheim, tlf. 957 82 780.

Av arbeid som er planlagt i 2023 kan nemnast at kyrkja skal ha ein utvendig rehabilitering med mellom anna maling av heile kyrkja. Styret held på med å innhente prisar på denne jobben.

KONTAKTINFO:

Prest: Roald Byberg	400 38 028
Leiar sokneråd: Hanne Brit Sandmark	996 26 157
Leiar kyrkjestyret: Torvald Tjåland	913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten	908 10 346
Dagleg leiar: Frode Skårland	489 97 102
Ungdomsarbeidar: Mona Handeland	401 00 946
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland	913 59 619
Trusopplæringa: Ragnhild Hanssen	51 77 03 77
Konfirmantleiar: Ingfrid Time Nærland	401 67 222
Diakon: Praxedes Slettebø	980 28 690

Guds kjærleik kviler over deg

*Guds kjærleik kviler over deg.
Ei kappe av omsorg og lys.
Legg du henne over skuldrene
varmar ho sjela som fryr.*

*Guds kjærleik kviler over deg.
Ord frå ei usynleg røyst.
I ytste uro kom orda til jord
og vart ei mektig trøyst.*

*Guds kjærleik kviler over deg.
Om du tviler eller trur.
Guds kjærleik kviler over deg,
kvar du vandrar eller bur.*

*Orda stilnar vår uro til fred,
og varmar ei sjel som fryr.
Guds kjærleik kviler over deg.
Ei kappe av omsorg og lys.*

Tekst: Helge Torvund

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE KL. 10.30

- 2. april kl. 10.30 Gudsteneste. Nattverd.
- 6. april kl. 19.00 Gudsteneste. Skjærtorsdag. Nattverd.
- 9. april kl. 10.30 Høgtidsgudsteneste 1. påskedag. Dåp.
- 16. april kl. 10.30 Gudsteneste. Nattverd.
- 30. april kl. 10.30 Gudsteneste. Nattverd.
- 14. mai kl. 10.30 Konfirmasjonsgudsteneste.
- 17. mai kl. 11.00 Gudsteneste 17. mai.
- 29. mai kl. 10.30 Gudsteneste 2. pinsedag.
- 11. juni kl. 10.30 Gudsteneste. Nattverd.
- 25. juni kl. 10.30 Gudsteneste. Dåp.
- 30. juli kl. 10.30 Gudsteneste. Nattverd og dåp.



BARNAS

Finn 10 hovudstader!

I rutenettet under har vi gøymt 10 forskjellige hovudstader. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarer du å finne alle saman?

M	A	N	I	L	A	N	T
O	S	A	T	H	E	N	A
S	O	P	N	E	G	A	L
O	F	T	A	L	E	I	I
S	I	G	R	S	U	R	M
L	E	K	A	I	R	O	A
O	R	Ø	I	N	F	B	R
R	O	M	A	K	S	I	O
B	E	R	L	I	N	E	M
I	M	S	H	A	N	O	I

Finn fem feil!

Her viser Jesus seg for disiplane etter at han døde og stod opp att. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne fem feil på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli

Kva hadde vi kalla Noahs ark hvis den hadde vore ein rutebåt?
Svar: Ruteark

Vitsar

– Kelner! Er dette ein vanleg tre-rettars middag?
– Ja, ein kjøttkake, ein potet og ein ert.

– Eg skal ha to kaffe utan fløte.
– Vi har ikkje fløte, så då må det bli utan mjølk.

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Teikning: Chiara Bertelli

Fargelegg!



Open kjellar



Oline
Rakel

Tekst og foto: Siv H. Undheim

Open kjellar er for barn og ungdom som går i 5. – 7. klasse. Det går føre seg omtrent ein fredagskveld i månaden, i kyrkjekjellaren mellom kl. 19.00 – 21.00.

Fredag 10. februar var det karneval, og rundt 35 – 40 smilande barn og unge hadde møtt opp, kledd ut i fine kostymer. Tove Hersdal, for anledninga fotballspelar, hadde andakta denne kvelden.

Etterpå var det sal av pizza, brus og snop. Det var godt drøs og god stemning rundt borda. Deretter var det duka for speling av ulike spel, eller berre vere i lag og sitte og snakke med andre.

Ruth Oline, Marie, Floortje og Rebekka går i 7. klasse og plar vere på Open kjellar kvar gong. Dei liker det sosiale og ha ein stad og vere med

venner. Det at dei kan samlast mange på ein stad. Dei synest det er kjekt å spele ulike spel, men kunne ønske det var litt meir felles aktivitetar, seier dei.

Peder, Oscar, Frederik og Håkon går også i 7. klasse. Dei liker å spele bordtennis og biljard, og andre spel. Dei synest det er kjekt å vere på Open kjellar og treffe venner.

5. og 6. klassingane Sarah, Synne, Rudi, Oline og Sølve synest det er gildt å møte venner og ha ein stad å vere sosial om ein ikkje har noko anna å gjere på ein fredag. Dei kunne tenke seg at det var Open kjellar annakvar fredag.

Datoar for Open kjellar før sommaren er 14/4, 25/5 og 2/6.



Vilde, Lillian, Sarah,
Live, Synne, Rudi,
Sondre



Tora
Marie
Floortje
Rebekka
Ruth Oline
Martine



Olava
Rose Marie



Sarah, Synne,
Rudi, Oline,
Sølve

Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mogleg!

		Vil du støtta Møteplassen og kyrkja med ei annonse? Send e-post til: undheim.soknerad@timekyrkja.no
		
Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim	 SOL INSPIRASJON <i>Dikt og oppmuntringer</i>	UNDHEIM HANDELSLAG   undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670
		Sjekk Punkt BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no
		 Byggmester Ståle N. Sikveland
	Høiland & Tveit BetongEntreprenør	SpareBank 1 SR-BANK
 Preben Undheim Mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no	 Møllevegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 www.ahbygg.no	NOVA BEGRAVELSESBYRÅ
Finn Arve Undheim Maskinentreprenør i tjeneste for jordbruket Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10 	Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no EL-PROFFEN	 